

Arbeidsplan mars 2020 – mars 2021

Alver Nei til EU

Innleiing

Alver Nei til EU skal arbeida for at Noreg ikkje skal søkja medlemskap i den europeiske unionen EU, og for at EØS-avtalen skal seiast opp og erstattast av ein normal og likeverdig handelsavtale utan overnasjonal politisk styring.

Frå januar 2020 har Noreg ei regjering med partia Høyre, Venstre og Kristelig Folkeparti. Ingen av desse partia ønskjer å seia opp EØS-avtalen, og dei er heller interesserte i å søkja medlemskap i EU. Dette standpunktet har Høgre, når det gjeld Venstre og KrF så har ikkje desse partia tatt eit absolutt klart standpunkt til medlemskap. Uansett vil søknad om medlemskap mest truleg krevja ny folkeavstemming, og slik stoda er i dag seier framleis rundt 65% av folket nei til medlemskap. Den mest aktuelle saka er såleis EØS-avtalen og kampen for å seia denne opp. Avtalen gjer større og større inngrep i det norske sjølvstyret, og me ser at regjeringa i alt for mange saker, ønskjer å følgja EU sin politikk. Det gjeld t.d. i utanrikspolitikk og i klimapolitikk. Dei styrande organa i EU ønskjer eit tettare samansveisa Europa, noko som vil tyda meir overnasjonal styring. Dette vil me merka gjennom EØS-avtalen, noko som gjer det meir viktig å seia opp avtalen. Men saka er i det minste sett tydelegare på dagsorden, og det er bra.

Fagrørsla diskuterer og EØS-avtalen, men har ikkje teke standpunkt mot avtalen, sjølv om dei erkjenner at avtalen har negative konsekvensar på norsk arbeidsliva og det norske treparts-samarbeidet.

Storbritannia gjekk ut av unionen 31. januar. Det vil framleis knyta seg spenning til kva avtale Storbritannia vil få med EU, og til korleis Noreg vil forhandla med eit Storbritannia utanfor EU.

Med dette som utgangspunkt, legg styret opp til følgjande arbeidsplan for 2019:

Hovedsatsingsområde:

Kunnskapsformidling.

Me vil formidla kunnskap om at

- Det fins alternativ til EØS-avtalen
- EØS må erstattast av ein normal og likeverdig handelsavtale
- EØS-avtalen fører til sosial dumping og undergraving av den norske arbeidslivsmodellen, og set den norske velferdsmodellen i fare
- EØS-avtalen sakte og sikkert fører til at Noreg vert knytt til EU på ein måte og med verknader som folket har sagt nei til to gonger.

Samarbeid med fylkeslaget og andre samfunnsaktørar.

Det er viktig at me samlar alle gode krefter for saka vår, og samarbeid med fylkesstyret og andre samfunnsaktørar vil vera ein gjensidig styrke i arbeidet for å fremja synspunkt og for å planleggja og gjennomføra aktivitetar.

Alt dette vil vi gjera gjennom opne møte, standsverksemd, lesarinnlegg i pressa og ved å delta på aktivitetar arrangert av samarbeidsparter og andre aktørar.

Medlemsverving

- Gjennom aktivt arbeid for verving og gjenverving vil me arbeida for å få fleire medlemmer i lokallaget.
- Medlemmer som er i utakt med kontingentbetaling skal me ringja til minst 2 gonger i året
- Det skal gjennomførast stands-aktivitetar for å verva nye medlemmer
- Lokallaget skal ta del i nasjonale vervekampanjer
- Utarbeida eit opplegg for å kontakte nye medlemmer slik at dei kjenner seg velkomne i organisasjonen vår.

Andre viktige satsingsområder:

- Solidaritet og samarbeid med andre organisasjoner.
Me vil:
 - markera Nei til EU på 1. mai og støtta opp om 8. mars arrangement som har brodd mot EU/EØS
 - Utvikla samarbeid med politiske parti, fagrørsla og andre naturlege samarbeidspartar i samfunnet
- Medlemsmøte / opne møte.
Me vil:
 - arrangera minst eit debattmøte i året om eit aktuelt tema

Styrearbeid:

Styret vil ha minimum 6 møte i året, med unntak av i juli. Styret vil særskild arbeida med å finna gode rutinar og former for samarbeid både i styret og retta mot medlemmene. Styret vil også arbeida aktivt for å få fleire medlemmer engasjert i Nei til EU sitt arbeid, og for at fleire kunne tenkja seg verv i lokallaget. Eit viktig arbeid er det å formidla informasjon om aktivitetar som vert arrangert av fylkeslaget, som t.d. studiearbeid, slik at laget sine medlemmer kan delta på dette. På sikt vil styret arbeida for å få til eige studiearbeid.